



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	12.02.2008
Tid:	13:00

Forfall må meldast til utvalgssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

Orientering: Energiutredning 2007 v/Istad Nett

Orientering: Teknisk v/teknisk sjef

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 08/8	Godkjenning av protokoll	
PS 08/9	Referatsaker	
PS 08/10	Abonnementsavgift for tryggleiksalarm - 2008	2007/707
PS 08/11	Forslag til skulerute 2008/09, 2009/10, 2010/11	2008/87
PS 08/12	"Full barnehagedekning i Midsund."	2007/619
PS 08/13	17. mai - hovudkomiteen 2008	2008/88
PS 08/14	Skjenkekontroll Ne`ste AS	2007/794

Midsund, 06.02.08

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 08/8 Godkjenning av protokoll

PS 08/9 Referatsaker



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2007/707-2

Arkiv:

Saksbeh: Arild Sjøvik

Dato: 05.02.2008

Saksframlegg

Abonnementsavgift for tryggleiksalarm - 2008

Utvalsak	Utval	Møtedato
	Eldrerådet	
08/10	Formannskapet	12.02.2008
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune kjøper 40 tryggleiksalarmar av type Attendo Caresse.

Abonnementsavgift for 2008 blir kr. 1.459,-.

Alarmane vert knytt opp mot alarmsentralen i Molde.

Saksutgreiing:

Midsund kommune har i dag alarmtypen TMA 2 og TMA 3. Det er ikkje muleg å kople desse opp mot alarmsentralen. Eksisterande alarmar har og berre eit minutts taletid noko som er lite i ein naudsituasjon. Skal Midsund kommune fortsette med dagens ordning må kommunen kjøpe inn ei ny alarmtavle som kostar kr. 97.000,- + vedlikehaldsavtale kr. 490,- pr. mnd.

Det er ikkje muleg å få reservedelar til dagens alarmmottakar.

I følgje Teknisk bør kommunen kjøpe inn 40 nye alarmar av typen Attendo Caresse. Dette vil dekkje eksisterande brukarar samt eit minimumslager for nye brukarar.

Fordelen med desse alarmane er at dei har lengre taletid, og at dei kan koplast direkte mot alarmsentralen. Dette er dei same alarmane som Molde kommune brukar.

Det er og ein fordel at Midsund kommune eig alle alarmane. Dette vil vere enklare å administrere. I dag får brukarane låne alarm i 2-3 månader inntil dei sjølv kjøper alarm som

kostar om lag 4.000,- + kr 975,- i årleg abonnement. I tillegg er det ikkje ei god ordning at kommunen administrerer og at brukaren eig.

Heimetenesta har henta inn anbod på drift av alarmtenesta. Alarmvakta i Ålesund skal ha kr. 100,- pr alarm/månad, mens alarmvakta i Molde skal ha kr. 90,- pr. alarm/månad.

Vurdering:

Sidan alarmtavla i dag er gamal er det ein vesentleg risiko for at alrmsystemet i kommunen bryt saman.

For å sikre eit langsiktig og stabilt alarmsystem vil det vere ei god løysing å bytte ut dagens ordning og knytte oss opp mot alarmsentralen i Molde.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Antall:	40
Kostpris pr. stk.	2 790
Total investering:	111 600
Avskrivningstid:	10
Adm. gebyr pr. år:	100
Brannvakta pr. måned:	90
Pris pr. alarm/år:	1 459

Investeringa vert innarbeidd i budsjettendring I/2008.

Arild Sjøvik
rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Tilbod frå Mobildata Molde

Tilbod frå Alarmsentralen i Molde

Tilbod frå Møre og Romsdal 110-sentral KF i Ålesund

Særutskrift går til: Teknisk
Heimetenesta
Økonomiavdelinga



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/87-2
Arkiv:
Saksbeh: Trygve Brunvoll
Dato: 05.02.2008

Saksframlegg

Forslag til skulerute 2008/09, 2009/10, 2010/11

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/11	Formannskapet	12.02.2008

Forslag til vedtak:

Det vedlagte forslaget til skulerute for 2008/09, 2009/10 og 2010/11 blir godkjent.

Saksutgreiing:

Formannskapet vedtok i sak 07/15 skulerute for 2007/08, 2008/09 og 2009/10. I skriv frå Møre og Romsdal Fylke datert 28.01.08 er det lagt fram forslag til skulerute også for 2010/2011.

Det er kommunen som er ansvarleg for skuleruta, jfr. Opplæringslova § 2- 2, 4.ledd:
"Kommunen gir forskrifter om skole – og feriedagar i skoleåret for elevane."

Forskrifta må vere tilpassa avviklinga av eksamen/avgangsprøve og dei nasjonale prøvene.

I skrivet frå Møre og Romsdal fylke vert det peika på at forutsetninga for mellom anna å få til rasjonell skuleskyss er avhengig av samordning av skuleruta.

Vurdering:

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Arild Sjøvik
rådmann

Trygve Brunvoll
leiar oppvekst og kultur

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2007/619-3
Arkiv: 033
Saksbeh: Trygve Brunvoll
Dato: 05.02.2008

Saksframlegg

"Full barnehagedekning i Midsund."

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/12	Formannskapet	12.02.2008

Forslag til vedtak:

Leige av Bygdheim :
Kommunen forlenger leigeavtalen med Bygdheim til å gjelde ut barnehageåret 2008/09.

Saksutgreiing:

Formannskapet fatta i sak 07 /76 følgjande vedtak:

”Med bakgrunn i krav om ein konkret plan for ein permanent barnehage med plass for alle barna som no er i midlertidig ordning i Raknes barnehage, avdeling Bygdheim, opprettar formannskapet ein komite – ” Full barnehagedekning i Midsund ” med følgjande mandat:

Komiteen legg fram forslag til løysingar for ei permanent ordning som gjev full barnehagedekning.

Dersom komiteen tilrår bygging av ny barnehage, bør ein vurdere kvar ein slik barnehage skal liggje og bygningsmessige alternativ.

Komiteen skal vurdere omsyn til økonomi, personal og forholda for brukargruppa.

Komiteen rapporterer til formannskapet fortløpande og legg fram endeleg forslag for formannskapet i februar.

Komiteen skal samansettjast slik:

To politikarar, ein frå administrasjonen, ein frå utdanningsforbundet og ein foreldrerepresentant. Politisk valde representantar er :

Eva Tangen og Helge Orten ”

Når det gjeld den midlertidige ordninga med barnehageplassar på Bygdheim, er leigeavtalen inngått for perioden oktober 2007 til og med desember 2008, med mulegheiter til forlenging, jfr. Formannskapssak 07 / 89.

Vurdering:

Som det går fram av vedtaket i formannskapet, skulle endeleg forslag frå komiteen ” Full barnehagedekning i Midsund ” leggjast fram for formannskapet i februar. I påvente av behandling av budsjett og økonomiplan vart oppstarten av utvalet utsett. For å få gjennomført eit godt grunnarbeid i saka må ferdigstilling av forslaget utsettast.

Avtalen med Bygdheim gjeld til og med 2008. Kva slutningar komiteen kjem fram til vil vere avgjerande for det vidare arbeidet med barnehage tilbud i permanente barnehagar, men å få dette realisert innan 2008 vil vere lite truleg. Av den grunn vil det vere naturleg at ein forlenger avtalen med Bygdheim til å gjelde for heile barnehageåret 2008 / 09. Eventuelle endringar som gjer at barna må flyttast på midt i eit barnehageår vil vere uheldig.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Arild Sjøvik
rådmann

Trygve Brunvoll
leiar oppvekst og kultur

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2008/88-1
Arkiv: 033
Saksbeh: Arna Drønnesund
Dato: 05.02.2008

Saksframlegg

17. mai - hovudkomiteen 2008

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/13	Formannskapet	12.02.2008

Forslag til vedtak:

Som medlemar til hovudkomiteen for 17. mai 2008 blir desse utpeika.

Midsund: Karin Misund
Raknes: Per Steinar Orvik
Rakvåg: Anna Lena R. Hole
Akselvoll/Ugelvik: Terje Risvik
Sør-Heggdal: Lill Oddny S. Heggdal
Nord-Heggdal: Herdis Solholm
Ræstad: Siv Monica Ræstad
Nordre Midøy: Geir Nilsen
Søre Midøy: Frits Malvin Raknes

Varamedlemar:

1. Geir Morten Rørset
2. Eivind Klauset
3. Vidar Tangen
4. Eli Lillevestre Ræstad
5. Jorunn I. Opstad

Per Steinar Orvik kallar saman komiteen.

Saksutgreiing:

Kulturstyret vedtak i 1988 at 17.mai-komiteen (hovudkomiteen) skal vere utpeikt av formannskapet.

Komiteen skal vere utpeikt frå kvar av dei gamle skulekrinsane, i alt 9 medlemar. Det skal og vere oppnemnd 5 varamedlemar i rekkjefølgje.

Arild Sjøvik
rådmann

Arna Drønnesund
førstesekretær

Vedlegg (prenta):**Vedlegg (uprenta):****Særutskrift går til:** Oppnemnde medlemar og varamedlemar.



Midsund kommune
Ordføraren

Arkivsak: 2007/794-5
Arkiv: U63
Saksbeh: Helge Orten
Dato: 05.02.2008

Saksframlegg

Skjenkekontroll Ne`ste AS

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/14	Formannskapet	12.02.2008

Forslag til vedtak:

Formannskapet har merka seg dei avvika som går fram av kontrollrapporten frå Neste AS datert 12. desember 2007. Formannskapet vil understreke alvorret ved dei forholda som er teke opp i kontrollrapporten. Det er bevillingshavar sitt ansvar å syte for at krava i alkohollova med føreskrift blir fulgt.

Sidan det ikkje er avdekt avvik av eit slikt omfang tidlegare, finn Formannskapet det rett å gi ei åtvaring. Skulle det bli rapportert nye avvik ved seinare kontrollar ved Neste AS, vil derimot avviket i kontrollrapport datert 12. desember 2007 bli vektlagt ved vurdering av sanksjon.

Det er eit krav at stedfortreder gjennomfører nødvendig kunnskapsprøve innan 15. mars 2008.

Saksutgreiing:

08.12.07 utførte Nordfjeldske Kontroll salgs- og skjenkekontrollar i Midsund kommune
17.12.07 mottok kommunen rapport vedr. utførte kontrollar.

Brev og rapport vedr. skjenkekontroll på Ne`ste AS 08.12.07 viser brot på Alkohollova. Av kontrollskjema går det mellom anna fram at åpenbart rusa personar kjem inn i lokalet, det foregår skjenking til åpenbart rusa personar og alkohol vert teke med ut av godkjent

skjenkeområde. Kontrolløren har anslagsvis registrert 40 – 50 gjestar i lokalet. Kontrolløren observerte at tilsette ikkje hadde kontroll på skjenkestaden og sine gjestar og omtalar situasjonen som kaotisk.

Då kontrolløren presenterte seg for den tilsette bak bardisken for å fullføre kontrollen med rapportskriving, vart dei avbrote av den person som kontrolløren oppfatta som dagleg leiar og som no overtok tilsette sin samtale med kontrolløren. Den person som vart oppfatta som dagleg leiar meinte at kontrolløren sitt ID kort ikkje var godkjent, og kontrolløren oppfatta dagleg leiar som aggressiv med negativ innstilling til kontrolløren. Det heile endte med at dagleg leiar ba kontrolløren om å forlate skjenkestaden. Kontrolløren vart såleis hindra i å fullføre sitt kontrollarbeid. Kontrollskjema vart ikkje underteikna av den kontrolløren legitimerte seg for og dermed sendt til kommunen utan underteikning.

For at skjenkestaden snarast mogleg skulle bli kjent med innhaldet i rapporten, sendte Midsund kommune 19.12.07 kopi av rapporten til Ne`ste AS. Saman med kopi av rapporten fylgde eit brev frå kommunen der det vart bedt om tilbakemelding innan to (2) veker vedr. opplysningar som var kome fram i rapporten.

03.01.08 mottok kommunen svar frå Ne`ste AS v/dagleg leiar og ein anna tilsett. Av begge skriva går det fram at dagleg leiar var tilstades på skjenkestaden som privatperson kvelden 08.12.07.

Vurdering:

Praktisering av eit skjenkeløyve er basert på tillit mellom bevillingshavar og Midsund kommune, og skal være i samsvar med alkohollova og andre retningsliner. Brot på dette tillitsforholdet blir vurdert som ei sær sars alvorleg sak og vil føre til reaksjonar.

Rapporten frå skjenkekontrollen peikar på alvorlege brot på alkohollova. Tilsvaret frå dagleg leiar og den som var på jobb den aktuelle kvelden søker å forklare årsakssamanhengane, men stadfester samtidig hovudtrekka i det som er påpeika i skjenkekontrollen. Det er derfor ikkje tvil om at det har skjedd brot på alkohollova.

Bevillingshavar er Neste AS v/Tore Sjøvik. Sjøvik har gjennomført den nødvendige kunnskapsprøven om alkohollova og andre relevante retningsliner. Stedfortreder er Kirsti Iren Høgset. Vedkomande har ikkje avlagt tilfredstillande kunnskapsprøve. Godkjent kunnskapsprøve er eit krav for å kunne være bevillingshavar eller stedfortreder.

Helge Orten
ordførar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Ne`ste AS, 6475 Midsund